

# BACHELOROPPGÅVE

## Fosterheimsplassing i slekt

av

Kine Haugen

Sosialt arbeid  
SO 530 201  
2006



# Fosterheimsplassering i slekt

## Innholdsliste

1.0	Innleiing .....	2
2.0	Metodisk innfallsvinkel og anvendt litteratur .....	3
3.0	Teoretiske omgrep.....	4
3.1	Barnets beste .....	5
3.2	Slekt.....	5
3.3	Fosterheim.....	5
3.4	Fosterheimsplassering/Slektsplassering.....	6
3.5	Kontinuitet.....	6
3.6	Identitet.....	7
3.7	Tilknytning/tilhøyre .....	7
4.0	Fosterheimsplassering og sosialt arbeid.....	8
4.1	På kva måte er arbeid med fosterheimsplassering sosialt arbeid? .....	9
5.0	Fakta og refleksjonar rundt slektsfosterheimar .....	10
5.1	Tal og statistikkar .....	10
5.2	Fosterbarna sine egne meiningar.....	11
5.3	Politiske meiningar.....	11
5.4	Eit unødvendig stort maktovergrep? .....	13
6.0	Slektsfosterheimar og barnet sin utvikling.....	13
6.1	Kontinuitet.....	14
6.2	Identitet.....	15
6.3	Tilknytning/tilhøyre .....	16
6.4	Lojalitet .....	18
7.0	Moment og metodar som sosialarbeidar kan påverke i slektsplasseringar .....	19
7.1	Samarbeid.....	19
7.2	Familiekonferanse-modellen.....	20
7.3	Konfliktnivå .....	21
8.0	Avslutning .....	21

Litteraturliste

## 1.0 Innleiing

I denne oppgåva har eg valt å skrive om fosterheimsarbeid, eit fagfelt som i likskap med mykje anna innan sosialt arbeid er i stadig utvikling. Innan fosterheimsarbeid er det fleire tema å ta tak i, og eitt av dei er alternative fosterheimsplasseringar. Korleis kan ein gjere ei plassering som er til det beste for barnet, og i kor stor grad kan ein legge vekt på familien som aktuelle ressursar? Eg tykkjer sjølv at familie og nettverk kanskje har ein tendens til å bli gløymt i fosterheimsarbeid. Eg har inntrykk av at det er lite litteratur og norsk forskning på dette området, samstundes som eg trur at slektsplasseringar i fleire tilfelle kan vere eit bra alternativ i barnevernssaker med omsorgsovertaking. Kanskje kan det finnast ressursar i familiane som ikkje alltid blir nytta til det fulle?

På bakgrunn av desse spørsmåla og mine synspunkt har eg formulert følgjande problemstilling: *«Korleis kan fosterheimsplassering i slekt vere eit betre alternativ for barnet enn fosterheimsplassering i ein nøytral familie, og korleis kan ei slik plassering gjerast best mogleg for barnet?»*

For å avgrense problemstillinga har eg berre drøfta problemstillinga opp mot fosterheimsplassering etter Lov om Barnevernstenester av 1992 (heretter kalla Barnevernslova) § 4-12 om plassering utan samtykke frå foreldra. I presentasjonen av forskning og statistikk har eg heller ikkje lagt stor vekt på forskning frå andre land som blant anna USA og England.

Eg vil etter denne presentasjonen diskutere metodiske aspekt ved oppgåva, med tanke på litteraturval og validitet. Vidare tek eg føre meg hovudkjeldene eg tek i bruk. I kapittel tre gjer eg greie for ein del av hovudomgrepa eg kjem til å bruke vidare i oppgåva. I kapittel fire kjem ein presentasjon av kva fosterheimsarbeid inneberer og på kva måte dette er sosialt arbeid. Sjølve drøftinga har eg delt opp i tre kapittel. I kapittel fem trekk eg fram fakta frå statistikkar, undersøkingar og fosterbarn sine egne meiningar, samt nokre moment frå den politiske diskusjonen som eg meiner har relevans for problemstillinga. I tillegg vil eg freiste å gje eit bilete av eit alternativt tenkesett rundt fosterheimsplassering og makt. I kapittel seks vil eg drøfte dei to plasseringsalternativa eg tek føre meg opp mot dei tema som handlar om barnet spesielt; kontinuitet, identitet, tilknytning/tilhøyre og lojalitet. Kapittel sju handlar mest om problemstillinga sin andre del, kva metodar sosialarbeidarar kan ta i bruk for å gjere slektsplasseringsprosessen best for barnet.

Eg vil understreke at det ikkje finnast eit absolutt svar på denne problemstillinga. Det er mange fleire faktorar som kan ha innverknad på barnet sin velferd enn dei eg har tatt omsyn til. Eg har til dømes ikkje lagt større vekt på barnet sin alder ved flytting enn at det er i frå fire- til ca fjorten års alder. Dette er fordi dei data eg har funne passar best til barn i denne aldersgruppa. Ein må å ha i mente at differansen på fire og fjorten år er veldig stor, for ikkje å snakke om dei individuelle ulikskapane det er hjå barn, og menneske, flest.

## **2.0 Metodisk innfallsvinkel og anvendt litteratur**

Denne oppgåva er ei rein litteraturstudie og inneheld difor berre data frå andre forfattarar, men også med ein del av mine egne tolkingar av desse data. Eg har brukt litteratur frå ulike fagfelt som eg meiner er relevante for å svare på mi problemstilling.

Litteraturen er av både primær og sekundær art. I primærlitteraturen blir forfattaren sine egne haldningar, tankar og teoriar rundt temaet presentert direkte. I sekundærlitteraturen er det andre forfattarar som har tolka originalforfattarens meiningar, og presentert dei i lys av sin eigen forforståing. Med forforståing meiner ein dei fordomane ein har med seg når ein tolkar ny informasjon. Korleis ein tolkar ny informasjon vil avhenge av kva type fordomar ein har med seg frå før. Difor kan to personar stå framfor den same informasjonen og likevel tolke den på to ulike måtar (Aadland 1998). Både sekundær og primærlitteratur kan ha sine fordelar og ulemper. Ved primærlitteratur får ein eit korrekt innblikk i den spesielle tenkjaren sine synspunkt, utan at dei er blitt tolka av andre. I sekundærlitteraturen vil ei kunne få eit meir nyansert bilete av originalforfattaren sine synspunkt, nettopp fordi den inneheld tolkingar frå sekundærforfattar(ane), samt ofte tilleggsinformasjon og motargument. Det som kan vere eit minus ved å anvende sekundærlitteratur er at originalforfattaren sine opphavlege meiningar kan bli endra i fortolkinga. I denne oppgåva brukar eg mest sekundærlitteratur. Årsaka til dette er at arbeidet med å leite fram og gjennomgå primærkjeldene krevjar ressursar som eg ikkje har hatt. Det kan vere med å senke validiteten på dei data eg har samla inn og presentert. Informasjon og forskning eg bruker er i hovudsak frå norske forfattarar.

Eg vil her presentere dei bøkene eg bruker mest og kva fagfelt dei høyrer til.

Ei mykje anvendt kjelde er Amy Holtan si doktorgradsavhandling i sosiologi ved Universitetet i Tromsø i 2002, som handlar om barndom i fosterheim i eiga slekt, med følgjande problemstilling: «*Hva betyr slektsfosterhjem for barns sosiale integrasjon*». Ho har gjort ei

undersøking blant sakshandsamarar, barn, foreldre og fosterforeldre om dette temaet, og har blant anna utvikla ein typologi av fem familietypar om fosterforeldre og fosterbarn. Avhandlinga inneheld ei vid framstilling av fosterheimar (då særleg slektsfosterheimar), med historie, eldre og nyare forskning både internasjonalt og nasjonalt, samstundes som den inneheld data frå hennar eiga analyse.

Vigdis Bunkholdt er psykolog, med spesialfelt klinisk psykologi. Ho har engasjert seg sterkt i barnevernsarbeid, og eig no eit firma for undervisning og rettleiing i barnevernet. Ho har forfatta eller medforfatta fleire bøker og artiklar eg har brukt. I boka Fosterheimsarbeid (2004) gir ho ei skildring av gangen i fosterheimsarbeid, frå rekruttering av fosterforeldre, til tilbakeføring av barnet til dei biologiske foreldra. Den inneheld òg mykje juss, og har vore ei god rettskilde. Denne boka fungerer i mange tilfelle som eit oppslagsverk for meg.

Elles har Bunkholdt skrive ein del artiklar for tidsskriftet for fosterheimsarbeid, Fosterhjemskontakt. Den artikkelen eg tek i bruk, handlar spesielt om det å flytte barn til fosterfamiliar i eiga slekt. Ho legg vekt på nokre av dei tema eg veljar å ta opp i drøftinga mi.

Murray Ryburn er sosialarbeidar, opphavelig frå New Zealand. Han har lang erfaring frå sosialt arbeid, og har skrive ei rekkje bøker og artiklar om fosterheimsarbeid og adopsjon. Ryburn sine meiningar er ganske bastante, og det verkar som han har sterke meiningar om sosialarbeidarar sine innstillingar til slektsplasseringar. Eg kan forstå at mange sosialarbeidarar kan føle seg støtte av hans ytringar. Sandbæk og Tveiten (1995) som er redaktørar av boka med hans artikkel nemner likevel i si innleiing at dei ulike artiklane i boka skal egge til vidare diskusjonar rundt dei ulike temaa.

Allereie i utforminga av problemstillinga hadde eg ei ganske klar meining om at slektsplasseringar kan vere eit betre alternativ enn nøytral fosterheimsplassering. Dette kan redusere validiteten, då mine førestillingar kan påverke meg når eg les litteratur om temaet. Eg har likevel freista å tolke den litteraturen eg les, så nøytralt som mogleg, og trur likevel eg får fram ein del fordelar og ulemper ved begge plasseringane.

### **3.0 Teoretiske omgrep**

I dette kapittelet vil eg definere dei hovudomgrepa eg vil diskutere vidare i oppgåva. Dette gjer eg fordi eg meiner det er viktig å ha ei felles forståing av dei omgrepa som eg nyttar.

### **3.1 Barnets beste**

Barnets beste er eit grunnleggande prinsipp i barnevernslova, og det er barnets beste som skal vere utgangspunktet i alle avgjerdene som blir tatt i barnevernssaker (Bunkholdt og Sandbæk 2002). Omgrepet er òg trekt ut i ein eigen paragraf i Barnevernslova § 4-1. Med det meiner ein at fokuset på barnet skal vere med i alle prosessane i ei barnevernssak, noko som òg omfattar fosterheimsplassering. Barnets beste er eit normativt omgrep, og det vil alltid vere ulike meiningar om kva som faktisk er det beste for barnet. Det å høyre kva barnet seier er viktig for å kunne treffe riktige avgjerder. Undersøkingar viser likevel at barna har ein tendens til å bli usynlige i undersøkingane. Dei blir oftare sett enn høyrte, og avgjerdene blir tatt ut i frå det (Bunkholdt og Sandbæk 2002). Nokon meiner at dette er fordi barnevernstenesta vegrar seg for å snakke med barnet om deira vanskelige oppvekst. Når det gjeld fosterheimsplassering står det eksplisitt i lova at barn over 12 år alltid skal få seie si meining før det blitt tatt avgjerder om plassering (jfr Barnevernslova §6-3). Etter at barnet har fylt 15 år, har det òg rett til å uttale seg i fylkesnemnda.

### **3.2 Slekt**

Slektskap handlar i hovudsak om reproduksjon av menneske, av arten og relasjonar som er knytt til denne prosessen. Det viktigaste i slektskapen er mor, far og barn. I vår kultur er det natur og regelverk (jus og sedvanar) som skil slektskap frå andre kulturelle fenomen (Schneider i Holtan 2002). Antropologar har meint at slektsfenomenet er universelt på grunn av slektas biologiske forankring. Schneider (i Holtan 2002) meiner på si side at slektsomgrepet er skapt av europeiske samfunnsforskarar, og på den måten også er ein vestleg definisjon, som ein ikkje kan strekkje ut over heile verda. Slekt har likevel endra seg gjennom historia. Her brukar eg slekt som dei personane som er i biologisk slekt med barnet. Det vil seie søsken og foreldre til barnet sine biologiske foreldre.

### **3.3 Fosterheim**

Barnevernslova definerer fosterheim som :

*a) private hjem som tar i mot barn til oppfostring på grunnlag av barnevernstjenestens beslutning om hjelpetiltak etter §4-4, eller i samband med omsorgsovertakelse etter § 4-12, eller § 4-8 annet og tredje ledd,*

*b) private hjem som skal godkjennes i henhold til § 4-7. (jf. Barneverntenestelova § 4-22)*

I følge NOU 2000:12 om Barnevernet i Noreg (heretter kalla Befringutvalet) er fosterheimar det mest brukte plasseringsalternativet når barnevernet overtar omsorga for eit barn. Ein fosterheim er ein familie som vil ta over det daglege ansvaret for eit barn som treng nye omsorgstilbod. Fosterfamiliar skal bestå av personar som har særleg evne til å gje det enkelte barnet ein trygg oppvekst. For å bli fosterheim må ein gå gjennom eit obligatorisk opplæringsprogram. (<http://www.fosterhjem.no/?module=Articles;action=ArticleFolder.publicOpenFolder;ID=530>)

I Noreg er det i hovudsak Pride-programmet som blir brukt (Parent, Resources, Information, Development, Education). Dette er eit gratis opplæringsprogram som blir tilbydt i alle fosterheimstenestene i landet. Det blir aldri gitt ei «generell godkjenning» som fosterforeldre. Pride-programmet gjer foreldra ei førehandsklarering medan den formelle godkjenninga vert gjort av barnevernstenesta der fosterheimen ligg, etter at familien er velt ut til eit konkret barn. (<http://www.fosterhjem.no/?module=Articles;action=ArticleFolder.publicOpenFolder;ID=566>)

I denne oppgåva har eg valt å skilje mellom to typar fosterheim, nøytral eller ordinær fosterheim og slektsfosterheim. Nøytral (eller ordinær) fosterheim blir her brukt om fosterheimar som ikkje er i slekt med fosterbarnet, medan omgrepet slektsfosterheim blir brukt når ein eller begge fosterforeldra er i nær slekt med fosterbarnet (tante, onkel eller besteforeldre) (Holtan 2002). Årsaka til at slektsomgrepet blir snevra inn så mykje, er fordi at fjernare slekt ofte ikkje kjenner barnet eller familien betre enn ein nøytral fosterfamilie. Dermed vil det bli vanskeleg å kunne samanlikne fosterheimplassering i nøytral fosterheim og slektsfosterheim.

### **3.4 Fosterheimplassering/Slektsplassering**

Det er mange ulike omgrep som blir brukt om dei same prosessane, som til dømes omgrepet plassering. Eg har valt å bruke dette omgrepet som den prosessen som oppstår når barnet blir flytta frå sin biologiske familie etter Barnevernslova § 4-12. Eg skil mellom fosterheimplassering (eller plassering) til nøytrale fosterheimar, og slektsplassering.

### **3.5 Kontinuitet**

Kontinuitet betyr å ha ei samanhengande livshistorie. Det får ein ved å vere saman med same



personar, og i same miljø over tid. Vi har behov for å vite at nokon kjenner oss, og har kjent oss sidan vi var små. Å ha kontakt med familie og vener i store delar av resten av våre liv. Bilder og minner er òg kjelder til kontinuitet. I fosterheimsarbeid er det viktig å vere klar over at denne kontinuiteten blir broten når barna blir plassert hjå andre (Bunkholdt 1999).

### **3.6 Identitet**

Med identitet meinast ein person si oppfatning av seg sjølv som eit separat individ, med særpreg som skil seg frå andre. Det fins mange ulike definisjonar på kva identitet er, og omgrepet blir av mange brukt saman med omgrepa personlegdom og sjølv. Her blir omgrepet identitet brukt separat. Det er mange ulike definisjonar på dette omgrepet, men dei fleste tykkjer å vere einige om at det handlar å ein kjenne seg sjølv, og ha ei trygg og stabil oppfatning av seg sjølv og si sosiale forankring. I eins identitet har ein eit bilete av seg sjølv i forhold til andre, samstudens som ein har eit kjensle av tilhøyre til si eiga fortid, notid og framtid (Bunkholdt 2000).

### **3.7 Tilknytning/tilhøyre**

Bjerke og Svæbak (1997) definerer tilknytning som eit emosjonelt band mellom barnet og omsorgsgjevarane. Det syner seg gjennom nærleikssøking, glede ved gjenforeining og protest ved fråskilnad. Utviklinga av tilknytning skjer i følgje Bolwby (i Bjerke og Svæbak 1997) i 4 ulike fasar. I fase ein freistar barnet å orientere seg og sende signal mot andre, utan at barnet klarer å skilje mellom omsorgsgjevarane og andre. Denne fasen varer frå 0-3 månadar I neste fase, som varer frå 3-6 månadar, blir orientering og signal sendt mot dei omsorgspersonane det kjenner att. I tredje fase freistar barnet å oppretthalde nærheita til eitt eller fleire menneske ved hjelp av signal og rørsler. Denne fasen varer frå ca 7 månadar til 2-3 år. I den siste fasen, som varer frå barnet er ca 2-3 år og vidare, blir det danna eit målkorrigert sosialt forhold, der barnet kan endre si åtferd og påverke andre si åtferd slik at målet (nærleik) blir nådd.

I fosterheimsarbeid er det viktig å vurdere tilknytning og eventuelt i kva grad barnet er knytte til sine omsorgspersonar, både når det gjeld flytting til fosterheim, eller i kontakt med foreldra. Utviklinga av tilknytning mellom barnet og omsorgsgjevar(ane) skjer i det samspelet mellom dei byrjar etter fødselen, og har nådd ein viktig milepæl når barnet er ca to år. Mange teoretikarar meiner også at dette er ein sensitiv periode for danning av tilknytning (Bunkholdt 2000). I barnevernsarbeid er teoriar om fråskilnad viktig å ha med seg når ein skal vurdere flytting - ikkje

flytting, eller i nokre tilfelle, kvar ein skal flytte borna til. Det er ganske stor ueinigheit om verknaden av tidlig fråskilnad. Goldstein, Freud og Solnit (i Bunkholdt 2000) meiner at ein kvar fråskilnad er belastande på barnet, uansett alder. Kor langvarig fråskilnad eit barn tåler før det føler seg svikta byggjer blant anna på barnets alder, mogleik, tidlegare erfaringar og kor godt utvikla tidsperspektivet er. Tidsperspektivet er blant anna for spedbarn veldig avgrensa, og det skal få dagar til før det føler seg forlate og kan føle redsel og sørgje. Di kortare tidsperspektiv barnet har, di kortare tid toler barnet fråskilnad (ibid).

Tilhøyre er eit sentralt omgrep gjennom oppveksten og livet til mennesket. Ein har behov for å føle tilhøyre til noko(n) andre enn seg sjølv. I barnevernsarbeid er det eit viktig omgrep fordi at tilhøyret vil bli påverka dersom ein flyttar eit barn ut av eit miljø til eit anna. Evna til å føle tilhøyre ligg i menneske frå fødselen av. I tilknytingsarbeidet mellom barnet og omsorgsgjevarane startar òg oppbygginga av tilhøyre. Det handlar om å oppleve fellesskap med sine omgjevnadar, og blir styrka ved at personen og omgjevnadane påverkar kvarandre (Moldestad 1996).

Omgrepet tilhøyre bruker eg her om den tilstanden der barnet føler seg knytt til sine omsorgspersonar. Holtan (2002) bruker omgrepet kulturell tilhøyre om det same omgrepet. For menneske er det som i likheit med tilknytning viktig å kjenne tilhøyre til dei ein omgjer seg med.

#### **4.0 Fosterheimsplassering og sosialt arbeid**

I følge Barne- og likestillingsdepartementet er føremålet med barnevernsarbeid å hjelpe born og unge som lever under forhold som kan skade dei til, å få rett hjelp til rett tid, samt å bidra til at dei får trygge oppvekstvilkår. Det er den enkelte kommune sitt ansvar å sikre at den har ei barnevernsteneste som utfører det daglege laupande arbeidet. Barnevernstenesta skal gje råd og rettleiing, treffe vedtak og førebu saker til fylkesnemnda, setje i verk og følgje opp vedtak (<http://odin.dep.no/bld/norsk/tema/barnevern/barnevernetsrolle/bn.html>).

Under desse oppgåvene kjem òg arbeidet med omsorgsovertaking og fosterheimsplassering. Den enkelte kommune har ansvaret for å vurdere om eit barn sin omsorgssituasjon er slik at det bør flyttast i fosterheim. Det er fylkesnemnda som treff det endelege vedtaket om omsorgsovertaking etter barnevernslova § 4-12, men det er som sagt barnevernstenesta som har ansvar for å følgje opp vedtaket. Det betyr i praksis å foreslå kvar barnet skal flytte, kor lenge plasseringa skal vare

og om det skal vere samvær med foreldra eller ikkje (ibid).

Eit av Barnevernslova sitt mest grunnleggande prinsipp er å gjere det som er det beste for barnet. Eller gjere det som er minst skadeleg for barnet. Både det å leve i eit destruktivt oppvekstmiljø eller å bli separert frå sine biologiske foreldre kan vere skadeleg for barnet. Det er uansett viktig å hugse på at barnet skal vere i fokus. Meir om definisjonen barnets beste er å finne i kapittel 4.1.

#### **4.1 På kva måte er arbeid med fosterheimsplassering sosialt arbeid?**

Den internasjonale sosialarbeidar føderasjonens definisjon av sosialt arbeid er:

*"Sosialarbeiderprofesjonen arbeider for sosial endring, problemløsning i forhold mellom mennesker samt myndiggjøring og frigjøring av mennesker for å forbedre deres velferd.»*

(<http://www.ifsw.org/en/p38000410.html>).

Fosterheimsarbeid handlar om nødvendigheita av at det må skje ei sosial endring i forhold til barnet sin oppvekstsituasjon. Det at det skjer ei endring i barnet sin velferd, vil òg vere eit ledd i å utbetre den biologiske familien til barnet sin velferd. Derfor kan ein forstå fosterheimsarbeid i barnevernet som sosialt arbeid, der den profesjonelle sosialarbeidaren brukar sin kunnskap blant anna frå faget sosialt arbeid, der målsetjinga er å utbetre eit barn sin velferd med utgangspunkt i barnets beste (Levin 2004).

Når eit barn flyttar i fosterheim, vil det medføre ein endringsprosess for barnet, og ikkje minst for foreldra og fosterforeldra. Sosialarbeidaren har sett familien i ein situasjon som representerer noko uønska. Dette vil sosialarbeidaren freiste å endre (Levin 2004). I fosterheimsarbeid kan ein møte på store utfordringar i ein slik endringsprosess. Etersom det fins fleire fosterheimsalternativ vil det etter denne definisjonen også vere viktig for ein sosialarbeidar å vite fordelar og ulemper ved dei ulike alternativa. Dette for å gjere ein så vanskeleg situasjon som fosterheimsplassering faktisk er, lettast mogleg for alle partar.

Som sosialarbeidar arbeidar ein òg med relasjonar. Der må relasjonar til klienten sin kontekst, omgjevnadane og relasjonar til andre menneske takast omsyn til (Levin 2004). Å arbeide for å endre barnet og barnet sin familie sin velferd ved å ta i bruk sosialfaglege kunnskapar kan difor bety at ein må arbeide med relasjonane i familien.

Val av fosterheim, og særleg alternativet slektsfosterheim har gjennom åra skifta mellom ulike haldningar blant fagfolk i barnevernet. På 1970- og 80 talet var det ein generell skepsis mot fosterheimsplassering i slekt. Denne skepsisen varte heilt fram til 1990-talet då ein kunne sjå at tiltaket auka i bruk. I tillegg er det og kome meir forskning både internasjonalt og nasjonalt om fosterheimar som syner at det ikkje nødvendigvis ligg noko i skepsisen som har vore tidlegare. Det er likevel forska lite på fosterheimsplassering i slekt generelt, og det meste av forskinga har vore engelsk eller amerikansk. Dei siste åra er det likevel blitt skriva meir om i Noreg (Holtan 2002).

## **5.0 Fakta og refleksjonar rundt slektsfosterheimar**

Eg har valt å dele drøftinga opp i tre kapittel. I dette kapitlet vil eg ta føre meg norsk forskning om fosterheimsplassering generelt og slektsplasseringar spesielt. I tillegg har eg sett på barn sine egne meiningar, og politiske føringar om slektsplassering. Nokre av dei tema som blir nemnt i dette kapitlet vil bli diskutert meir utdjupande kapittel 6.

### **5.1 Tal og statistikk**

Om lag 15 % av barn under omsorg i fosterheimar bur hjå eigen familie (Holtan 2002).

Forsking viser at slektsfosterheimar er ei stabil ordning for barnet. Færre barn i slektsfosterheim (36 %) har hatt tidlegare omsorgstiltak utanfor heimen, samanlikna med andre fosterbarn (54 %) (Holtan 2002). Dette samsvarer med studiar frå USA og Storbritannia (Scannapieco, Flynn i Holtan 2002).

Når det gjaldt ankesaker hadde 51 % av foreldra til barn som budde hjå nøytral fosterfamilie fremja ankesak, medan dette gjaldt for 25 % av barna som budde hjå slekt. Stabilitet er ei sikkerheit for barnet, slik at det lettare kan behalde kjensla av kontinuitet og tryggleik. Desse faktorane er viktige for utviklinga av identitet og tilknytning. Meir om desse faktorane i kapittel 6.

I følgje Holtan si studie var slektsfosterforeldra oftast besteforeldre (48 %) eller tanke og onkel (44 %). Fjernare slektningar var ikkje så vanleg (8 %). I tillegg var det vanlegast at fosterforeldra var i slekt med barnet si mor (73 %). Det er òg fleire einslege forsørgjarar blant slektsfosterforeldre (21 %), enn nøytrale fosterforeldre (7 %).

Når det gjeld barn sin tryggleik i oppveksten i fosterheimar er det gjort ei stor undersøking i Sverige og Noreg av 624 barn som var tilmeldt eit adopsjonsbyrå på slutten av 1950-talet. Ein tredjedel av barna blei verande hjå mor si, ein tredjedel vaks opp i fosterheim, medan den siste tredjedelen vart adoptert. Det synte seg at fosterbarna var den delen som hadde klart seg dårligast i ung vaksen alder. Forskarane meinte at årsaka til dette låg i den juridiske og psykologiske utryggheita som gjer seg gjeldande ved fosterheimsplassering (Bohman i NOU 2000:12). Når anna forskning syner at det ved slektsfosterheimsplassering er færre overflyttingar, og færre brot på fosterheimskontrakta, og i tillegg til at barn kjenner ei lette ved å få kome "heim" til slektsfosterheimar etter flytting frå ein ordinær fosterheim (Holtan 2002), kan ein sjå på dette som eit argument for at slektsfosterheimar sikrar barnets tryggleik og evne til å klare seg bra også i framtida.

## **5.2 Fosterbarna sine egne meiningar**

I ei studie av Koch og Koch (1995) hadde fleire av informantane eit veldig uklart bilde av seg sjølv som fosterbarn. Dei følte at alle avgjerder gjekk føre seg over hovuda deira, utan at dei fekk moglegheit til å fortelje sine ynskjer. Mange omtalte seg sjølv som ein pakke som blei sendt frå stad til stad. Dei følte seg òg annleis i forhold til andre barn, som budde i "normale" heimar. I Holtans (2002) undersøking føler dei som budde hjå slektningar ikkje at dei var som andre fosterheimsbarn. Barn er mindre usikre på sin status som fosterbarn når dei flyttar til eigen familie. Dei tykkjer det er lettare å fortelje til andre menneske at dei bur hjå slektningar, enn dersom dei hadde budd i nøytral fosterheim. Det kjennes meir "naturleg" å bu hjå slektningar. Men dei følte seg likevel annleis andre barn, og ville ikkje fortelje om årsaka til at dei budde i fosterheim. Barna vil ikkje snakke om foreldra sine problem til kven som helst. Dette er naturleg, då ein helst (særlig barn) vil vere mest mogleg like alle andre (ibid).

## **5.3 Politiske meiningar**

Eit av Befringsutvalet (2000) sine tilrådingar er å få lov- eller forskriftsmessig sikra at barnevernstenesta alltid skal leite etter eigna fosterheimar i barnet si eiga slekt eller familie. Desse må i tillegg få like god opplæring, oppfølging og godtgjersle frå barnevernstenesta som ordinære fosterheimar (ibid).

I følgje Holtan (2002) si studie fikk slektsfosterheimane mindre oppfølging frå barnevernet, og i

gjennomsnitt lågare økonomisk godtgjersle. Nokre fosterforeldre opplevde i tillegg at barnevernstenesta forventa at det økonomiske ansvaret for barnet hovudsakleg var deira. Mange tykte og at kurstilboda ikkje var tilpassa deira behov. Det var òg færre som hadde fått kurstilbod blant slektsfosterforeldre enn nøytrale fosterforeldre (91 % mot 100 %). I tillegg viste det seg at slektsfosterforeldre jamt over hadde lågare utdanning og økonomi, og at det var fleire einslege enn blant nøytrale fosterforeldre. Dette samsvarer med undersøkingar frå USA (Holtan 2002). Befringsutvalet peikar på at sosialarbeidarar generelt har vore skeptiske til fosterheimsplasseringar hjå slektningar, og at undersøkingar viser at det ofte er ubrukne ressursar i familien og nettverket til barnet, men at sosialarbeidarar ofte let vere å leite etter desse ressursane. Dette kan stemme, då det er gjort ei norsk undersøking vedrørande sosialarbeidarar sitt syn på familieplassing som et alternativ i omsorgsovertakingssaker. Den syner at mange sosialarbeidarar faktisk er skeptiske til å leite etter eigna fosterheimar i slekta (Moldestad 1996).

Stortingsmelding nr. 40 om barne- og ungdomsvernet (2000-2001) forsvarer denne skepsisen og er sjølve skeptiske til Befringsutvalet sine tilrådingar om å søkje etter fosterheimar i barnets slekt og nettverk. Eit sentralt synspunkt er at det forskingsbaserte grunnlaget er for lite til at slike plasseringar bør gjerast oftare. Det argumenterast i tillegg med at det ikkje alltid er høvande personar i familien og nettverket som kan ta seg av barnet. Dette argumentet kan ein sjå på som ei vidareføring av den skepsisen om sosial arv som har vore hjå barnevernet sidan 50-talet. Ein meinte at om ein familie hadde vanskar, ville det vere stort sannsyn for at familien rundt også hadde vanskar. Det kjende ordtaket «slekt følgjer slekters gang» er og ein måte å sjå dette argumentet på (Bunkholdt 2003).

I Stortingsmelding blir og spørsmålet om den eventuelle lojalitetskonflikta og dobbeltrolla i familien som kan gå ut over barnet trekt fram. Dette er òg eit argument som vert brukt av sosialarbeidarar som stiller seg kritiske til slektsplassing (Moldestad 1996). Lojalitetskonfliktar mellom fosterforeldre, barn og biologiske foreldre vil eg kome nærare inn på i kapittel 6.4 om lojalitet. Eit anna argument mot dette lovforslaget er at enkelte familiar på grunn av kultur eller andre vilkår ikkje ynskjer ei slik plassering. Det er ein skepsis til at ynskjer om fleire familieplassingar kan gå ut over barnet sin velferd. Difor må eit eventuelt slikt lovforslag innehalde ein del atterhald, noko som det i Stortingsmeldinga blir omtalt som vanskeleg. Dei meiner likevel at ei slik tilråding kan vere formålstenleg å behandle ei slik problemstilling i retningslinjer (<http://odin.dep.no/bld/norsk/dok/regpubl/stmeld/004001-040006/hov009-bn.html#hov9.9.5>).

## 5.4 Eit unødvendig stort maktovergrep?

Murray Ryburn (Sandbæk og Tveiten 1997) meiner at barn og familie blir fråtatt retten til å ta avgjerder vedrørande sitt eige liv i plasseringsavgjerder. Ryburn meiner at sosialarbeidarar ofte tek på seg ei eksperthaldning i staden for å tilretteleggje og støtte barn og unge som vil bu hjå slektningar og ikkje framande menneske. Denne eksperthaldninga har overført makta frå barna sitt eige nettverk til ukjente familiar som er tilsette av kommunen. Ein årsak til dette er at det er lettare å etablere ein kontraktbasert avtale til framande som vil ha større lojalitet og lydighet mot barnevernstenesta som betalar for tenestene deira. Difor vil ei slektsplassering føre til ei utfordring for sosialarbeidarar si makt, då lojaliteten hjå slike omsorgsgivarar vil ligge i familienettverket og ikkje i deira forhold til fagfolka (ibid).

Ein annan viktig årsak til at tradisjonen for å plassere barn i nøytrale fosterheimar er så sterk, er grunna dei tradisjonelle tilnæringsmetodane i barnevernet. Dei har vore "casework"-orienterte, noko som vil seie at dei har sett på problem i familiar som ein individuell svikt, og ikkje at dei er systematisk underprivilegerte gjennom fattigdom, diskriminering og liknande. Difor har denne metoden ein tendens til å stemple heile familiar som sviktande og at barnet difor blir "redda" ved å bli plassert i nøytrale fosterheimar (ibid). Dette har samanheng med det tidlegare nemnde argumentet om sosial arv. Ryburn er usamd i dette, og meiner at det ikkje har noko støtte i forskinga som er gjort om slektsfosterheimar. Sjølv om det er lite forskning rundt langvarige slektsplasseringar er det funne at slektsplasseringar er mest vellukka og at særleg besteforeldre er verdifulle i slikt arbeid. Blant slektsfosterforeldra sjølve er det gjort undersøkingar om adopsjon. For dei er det utenkjeleg å adoptere til seg borna fordi det allereie har kjensla av å vere i familie med barnet (ibid).

## 6.0 Slektsfosterheimar og barnet sin utvikling

I dette kapittelet legg eg vekt på ulike faktorar som kan vere av relevans i spørsmålet om slektsplasseringar kan vere eit betre alternativ for barna, enn nøytrale fosterheimsplasseringar. Nokre av dei argumenta eg nyttar vil gå att i ulike underkapittel. Dette er etter mi meining fordi dei ulike omgrepa ofte er samansette av kvarandre.

## 6.1 Kontinuitet

Eit barn bør vekse opp under mest mogleg stabile og forutsigbare forhold. Det å vite kva som vil skje neste dag, og kven det skal vere saman med er viktig for barnet å vite. Når eit barn skal i fosterheim må det i tillegg til å flytte frå familien sin, også ofte forlate nabolaget, skulen, vener og andre element som er ein viktig del av barnet sin kvardag. Dette betyr at det vil bli eit brot i den kontinuiteten barnet er avhengig av (Bunkholdt 1999). Bunkholdt (ibid) argumenterer vidare med at ved ei plassering er det slektsplassering som best vil ivareta kontinuiteten til barnet. Barnet flyttast (i alle fall oftast) til ein slektning som dei har eit forhold til frå før, til personar som kjenner barnet si fortid slik at dei kan dele ulike opplevingar og minner saman. I tillegg kjenner fosterforeldra til barnet sine foreldre, og kan fortelje barnet detaljert om foreldra sitt liv og historie (Holtan 2002).

For mange barn i fosterheim er det veldig viktig at dei får vite om si historie, om foreldra, og ikkje minst om korleis foreldra har det der og då (Koch og Koch 1995). Holtan (2002) m.fl. understrekar og at flyttinga vil verke mindre dramatisk ved ei slektsplassering enn ei plassering i nøytral fosterheim. I mange tilfelle er det slektsfosterforeldra sjølv som har tatt kontakt med barnevernstenesta om å få omsorg for barnet, medan i ei ordinær slektsplassering er har fosterfamilien blitt rekruttert frå barnevernet. Slektsfosterforeldre kontaktar veldig sjeldan barnevernstenesta og ber om omsorg over barnet fordi dei ynskjer seg fosterbarn generelt. Det er heller den forpliktinga dei har mot barnet, eller barnets familie som gjer at dei vil vere fosterforeldre for akkurat det barnet.

Flytting treng ikkje alltid føre til brot på kontinuiteten, noko eit av barna Holtan (2002) intervjuar er eit eksempel på. Han hadde flytta frå ein nøytral fosterheim han hadde budd hjå i eitt år. På grunn av interne forhold i den familien, blei han omplassert til ei tante. Dette følte han som ei lette, og han meinte sjølv at dette var fordi at dei var hans eigen familie som han kjente godt, og som kjente han godt. Han tykte i tillegg det var lettare å snakke med dei om vanskelege ting nettopp fordi dei kjente han, og årsaka til hans oppførsel i ulike situasjonar. Ein kan sjå på dette som eit argument for at omplassering tilbake til slekt kan forsterke barnets kjensle av kontinuitet.

Nøytrale fosterforeldre har på si side ingen slik samanheng å setje fosterbarnet sine kjenneteikn og åtferd inn i. Det kan ta lang tid før fosterforeldra får eit nyansert og realistisk bilete av barnet som gjer barnet sin åtferd forutsigbar for dei. Samstundes er det er ikkje berre barna som treng forutsigbarheit og ei kjensle av kontinuitet. Di meir vi veit om eit anna menneske, di meir veit vi



kva personar og hendingar som utløyser kva reaksjonar, noko som igjen kan føre til større forutsigbarheit og tryggleik i vårt samspel med kvarandre. Difor vil det uansett bli eit brot på barnet sin kontinuitet når det må flytte (Bunkholdt 1999).

Likevel er det slik at ein brukar fosterheimsplassering som tiltak fordi ein ser at det å gje barnet større stabilitet i omsorga er viktigare enn å sikre barnets kontinuitet, noko som også kan bli sikra ved ei plassering i ein nøytral fosterheim. Målet vil då vere å gjere dette kontinuitetsbrotet så lite smertefullt som mogleg.

Bunkholdt (1999) meiner at ved å auke samværsordninga med foreldra, minskar ein kjensla av identitetsbrot. Eller ved å sikre kontinuitet gjennom minner og bilete, gjennom til dømes ei livsbok. Men dette inneberer at fosterforeldra har ei inkluderande haldning til fosterbarnet til viktige sider hjå barnet si fortid. Inkluderande haldning definerer Holman (i Bunkholdt 1999) som fosterforeldre som kan gje omsorg til barnet, men samstundes innsjå at det ikkje er deira eige. I tillegg ser dei viktigheita i at barnet har samvær med sine biologiske foreldre, samstundes som dei ser det positive i å ha god kontakt med barnevernstenesta og ser fram til kontakt med sine fagfolk (ibid).

Undersøkingar har synt at slektsfosterforeldre i større grad enn nøytrale fosterforeldre meiner at dei biologiske foreldra er viktige for barnet (Havik, Le-Prohn i Holtan 2002), noko som kan tolkast som at slektsfosterforeldre har ei meir inkluderande haldning enn nøytrale fosterforeldre. Ut i frå dette verkar det som at kontinuiteten til barnet kan verte betre ivarett ved ei slektsplassering. Det er viktig å sjå på barnet sin kontinuitet i forhold til utviklinga av barnet sin identitet. Som eg tidlegare har nemnt er barnet si kjensle av kontinuitet ein viktig faktor i utviklinga av barnet sin identitet. Dette vil eg gå nærare inn på i neste underkapittel.

## **6.2 Identitet**

Det er mange kjelder til skaping av identitet, blant anna finst den i røtene våre (Bunkholdt 2004 i temahefte). For å kunne utvikle sin eigen personlege identitet er ein for det første avhengig av ein stabil oppvekst og personar ein kan identifisere seg med, og som ein føler ein høyrer til. Utviklinga av identitet skjer gjennom heile livet, men på ein stad i livet, oftast i puberteten, har ein behov for å henge seg fast i røtene sine (ibid).

Barn som flytter i nøytrale fosterheimar kan ofte miste denne kjensla av tilhøyre, av mange ulike årsaker. For det første kjenner det kanskje ikkje til sine røter, noko som viser seg å vere viktig for barn som er adopterte eller plassert i fosterheim. Dei føler ofte at ei brikke fell på plass i identiteten deira når dei få lære å kjenne til sin biologiske familie og den sitt opphav. Årsaka til dette er at når vi dannar oss eit bilete av oss sjølve (vår identitet) er vi avhengige av å kjenne til opphavet vårt, då ein del av vår identitet vert skapt av dei menneska som gav oss liv. Ved ei slektsplassering vil det vere lettare for barnet å finne kjelda til identitet. Barnet flyttar til familie, folk som kjenner, og som har fylgt med det gjennom livet fram til flyttinga. Slektsfosterforeldra kjenner òg dei biologiske foreldra på ein annan måte enn det som er mogleg for nøytrale fosterforeldre. Difor kan barn ha auka moglegheit til å vidareutvikle sin identitet dersom dei flyttar til slekt (Bunkholdt 2004 i temahefte).

Det er likevel ikkje slik at barn som veks opp i ein nøytral fosterheim ikkje har moglegheit til å skape sin eigen identitet. Men også her er det viktig at fosterforeldra har ei inkluderande haldning til barnets familie (Bunkholdt 1999).

### **6.3 Tilknytning/tilhøyre**

Det er tre faktorar som har mykje å seie i forhold til barnet si tilknytning. For det første er det fosterforeldra si haldning til fosterheimsoppdraget, foreldra sine ynskjer om å vere ein del av barnet sitt liv og til slutt barnet sin alder oppdragsforståing. Desse tre faktorane har også innverknad på kvarandre. Dette er typiske trekk som gjeld, uansett om det er snakk om slektsplassering eller nøytral plassering (Holtan 2002).

Fosterforeldra si haldning til fosterheimsoppdraget vil seie kor vidt dei tolererer barnet sin biologiske familie som ein aktiv del av barnet sin kvardag eller ikkje. Det kan likne på det som Holman (i Bunkholdt 1999) definerer som inkluderande haldning. Holtan (2002) kallar det oppdragsforståing, og skil mellom open og lukka oppdragsforståing. Dersom fosterforeldra har ei opa oppdragsforståing inkluderar dei foreldra som ein del av barnet sin familie. Det motsette gjeld ved ei lukka oppdragsforståing. Men dette åleine treng ikkje ha noko å seie for barnet si tilknytning til fosterforeldra. Ein må difor samanfatte det med dei biologiske foreldra sitt ynskje om å delta i barnet sitt liv. Holtan illustrerer det slik:

	Foreldre søker deltakelse	Foreldre søker lite deltakelse
Fosterforeldre med lukket Familieforståelse	Konflikt	Felles overenskomst; Lukket familie
Fosterforeldre med open Familieforståelse	Felles overenskomst; Open Familie	Usikkerhet, kan ta flere retninger

(Tabell 11-1 Foreldre og fosterforeldres forståelse av oppdraget, Holtan 2002:150)

Dersom det er semje mellom foreldra og fosterforeldra, vil kanskje ikkje barnet føle det som eit brot mot foreldra å bli ein del av fosterfamilien sin familie. Det er i konfliktane at barnet høgst sannsynleg vil kome i ei lojalitetskonflikt som hindrar tilknytning (Bunkholdt 2004).

Målet med å fokusere på tilknytning og tilhøyre i fosterheimsarbeid er etter mi oppfatning å hjelpe barnet til å forstå at det er lov å bli gla i, og føle seg som ein del av fosterfamilien, sjølv om ein framleis bryr seg om sine biologiske foreldre. For at barnet enklare kan forstå dette, må det få inntrykk frå sine næraste omsorgspersonar at det er legitimt med slike kjensler. Ut i frå dette kan ein sjå viktigheita av opa familieforståing og foreldre som søker deltaking i barnet sitt liv, kan vere eit godt alternativ, anten det er plassering i slekt, eller nøytral familie.

Barnet si oppdragsforståing er og av avgjerande karakter for tilknytingsprosessen. Dersom barnet har ei lukka oppdragsforståing vil det berre søkje aktiv deltaking i eit av foreldrepara sine liv. På ei anna side kan barnet ha ei opa oppdragsforståing og søkje deltaking i begge foreldrepara sine liv (Holtan 2002). Her har Holtan (ibid) funne at barnet sin alder har betydning for oppdragsforståinga. Dersom barnet er ganske gamalt når det blir flytta i fosterheim, vil det ofte ha klare meiningar om at det er den biologiske familien som er den "rette" familien. Barnet føler med dette tilhøyre til berre den biologiske familien og er lite villig til å integrere fosterfamilien i sitt familiebilete (ibid). I denne prosessen kan det vere viktig at sosialarbeidar går aktivt inn å undersøker dei enkelte partane si oppdragsforståing.

Korleis kan slektsplassering vere eit betre alternativ for at barnet opprettheld tilknytning hjå sin biologiske familie, og samstundes kan danne tilhøyre til sin fosterfamilie? Ei oppfatning om slektsplasseringar er at lojaliteten til familiefosterheimen ligg hjå familien, framfor til barnevernstenesta, noko mange sosialarbeidarar ser på som eit negativt trekk, då det reduserer kontrollen (Moldestad 1996). I dette tilfellet kan det etter mi meining vere eit pluss for barnet. Undersøkingar viser i tillegg at barn i familiefosterheimar har meir samvær med sine biologiske foreldre, og at staden for samværet er i fosterforeldra sin heim, med begge «foreldrepara» samla.

For å få slike samvær til å fungere, må det, etter mi meining, vere ein forutsetnad at begge foreldrepara er vener med kvarandre. Mi oppfatning er difor at når barnet ser at dei vaksne kan vere einige, vil den lojalitetskonflikta som hindrar tilknytning bli mindre. Lojalitet og lojalitetskonfliktar vil bli tatt opp i neste underkapittel.

## 6.4 Lojalitet

Den engelske forfattaren William Makepeace Thackeray sitt kjende sitat seier mykje om betydinga foreldre har for sine barn: «*Mother is the name for God, in the lips and hearts of little children*»

Så lenge der er tilknytning vil der også vere lojalitet. Lojaliteten blir utvikla til dei personane barnet veks opp med. Barn mellom seks og elleve år trur at foreldra veit best, og ser på dei som gode og rettvise. Det biletet dei har av foreldra vil difor ofte bli kraftig forstyrra når andre vaksne fortel at foreldra deira ikkje er gode nok omsorgsgivarar. Ved å gje opp dette biletet av foreldra og flytte kan dei òg føle at dei svikter foreldra. På den måten kan lojalitetskonflikten i barnet bli så stor at det har problem med å knytte seg til fosterfamilien sin. Dei biologiske forelda kan også gjere situasjonen verre for barna ved å kome med kommentarar og truge med straff for å halde på barna sin lojalitet (Bunkholdt 1999).

Dersom lojalitetskonflikten syner seg å vere alvorleg kan barnet få store problem med å ta i mot omsorg og kontakt i den nye fosterheimen. Barnet kan då gå rundt i eit psykologisk tomrom utan tilknytning til personane rundt seg, noko som kan hemme utviklinga til barnet (Bunkholdt 1999). Eg har tidlegare nemnt at det er viktig for barnet å ha samvær med foreldra. For fosterforeldre er det ofte vanskeleg å forstå kvifor dei biologiske foreldra skal vere ein del av livet til barnet når dei ikkje kan ta vare på det. Difor er det viktig som sosialarbeidar å jobbe for at fosterforeldra forstår dette, og at dei viser respekt ovanfor dei biologiske foreldra (Bunkholdt 1999, med fleire).

Holtan (2002) si studie syner at barn som veks opp hjå slektsfosterheimar oftare har samvær med sine biologiske foreldre. Det er korte dagsbesøk som er den vanlegaste forma for samvær, både blant slektsfosterbarn og nøytrale fosterbarn. I slektsfosterfamiliar er det likevel oftare samvær i heimen til fosterforeldra enn det er blant nøytrale fosterfamiliar. Samværet er sjølvsagt avhengig av barnet sin alder og kva type samvær som er tillete, noko som også vil påverke val av samversstad. Det at barnet kan vere med begge «foreldrepara» samstundes, kan vere med på å

minske den lojalitetskonflikten som elles kunne oppstått dersom ein må separere familiane frå kvarandre. Målet er uansett at barnet ikkje opplever ei lojalitetskonflikt mellom foreldra og fosterforeldra.

Dersom dei biologiske foreldra og fosterforeldra kan samarbeide om å gjere forholda mest mogleg optimale for barnet, vil lojalitetsproblematikken bli mindre også. Studium syner at dei sosioøkonomiske forholda til slektsfosterforeldre og biologiske foreldre er ganske like (ibid). På den måten vert skilnaden for barnet mindre. Den kulturen ein veks opp i, skapar som sagt ein del av eins eigen identitet. Dersom skilnaden på økonomi og levesett mellom biologisk familie og fosterforeldre er så stor at ein kan kalle det ein kulturforskjell, kan barnet bli tvinga til å velje mellom dei to kulturane, noko om fører til ei lojalitetskonflikt. Difor kan denne kulturdifferansen i slektsfosterheimar bli mindre, fordi den liknar meir på dei biologiske foreldra sin sosioøkonomiske situasjon. På denne måten kan det sjå ut som eventuelle lojalitetskonfliktar i barnet kan verte redusert ved ei slektsplassering.

## **7.0 Moment og metodar som sosialarbeidar kan påverke i slektsplasseringar**

I dette kapittelet har eg freista å få fram enkelte område ved prosessen av slektsplasseringar der sosialarbeidar vil kunne ha ei aktiv rolle. Noko av det eg legg fram, vil etter mi meining òg vere viktig for alle typar fosterheimsplassering.

### **7.1 Samarbeid**

Eit ideal innan fosterheimsarbeid er å få til ei fri nok informasjonsutveksling til at dei ulike instansane kan gjere sitt arbeid på ein best mogleg måte. Dette er ikkje alltid like lett, særleg dersom det er fleire instansar som har sine ulike arbeidsfelt (Bunkholdt 1999). Med slike instansar meinast òg skule, barnehage og spesialtenester som blant anna PPU (ibid). Her vil eg i hovudsak ta føre meg samarbeidet mellom fosterforeldre, biologiske foreldre og barnevernstenesta.

I Koch og Koch (1995) der barna sjølve, eller fosterforeldra har fått sjansen til å uttale seg om heile prosessen, har problema ofte botna i at dei ulike partane har fått for lite, eller tvitydig informasjon. Dett har spesielt vore gjeldande for slektsfosterheimar. Dei faktiske forholda har også vore slik at slektsfosterheimar har fått mindre rettleiing, og økonomisk støtte enn nøytrale

fosterheimar (Holtan 2002). Ei rådande norm er at familiar skal hjelpe og støtte kvarandre i vanskelege tider. Å vere fosterforeldre for eit barn til ein slektning vil i større grad bli sett på som ei «familieteneste», både av fosterforeldra sjølve, dei biologiske foreldra og barnevernet (ibid, med fleire).

Det at slektsfosterheimar har mindre kontakt med barnevernstenesta er ikkje nødvendigvis eit godt teikn, det kan bli eit problem då barnevernstenesta får mindre innsyn i familien, og risikoen for at barnet ikkje får tilgong til dei tilgjengelege støttetiltaka som fins (Bunkholdt 2004).

For at barnet skal ha det best mogleg er det viktig å arbeide for eit godt samarbeid mellom dei biologiske foreldra, og fosterforeldra. Det kan som tidlegare nemnt hjelpe mot at barnet kjem opp i ein lojalitetskonflikt, samstundes kan det hjelpe på barnet sin sorgprosess, som ofte vil kome når barnet blir skild frå sine opphavlege omsorgspersonar.

## **7.2 Familiekonferanse-modellen**

Ryburn (kap 7 i Sandbek og Tveitan 1995) presenterer eit alternativ til familie- og nettverksarbeid i samband med rekruttering av fosterheimar i slekt. Denne modellen kan gjere det lettare for sosialarbeidarar å velje slektsplassering framfor plassering i nøytral fosterheim. Eit minus kan vere at modellen ser ut til å krevje ein rel ressursar, både av økonomisk og tidsmessig art. Det er ikkje ukjent at det ved mange barnevernkontor manglar ressursar til å få gjere alt arbeidet. Ryburn kallar modellen for familiekonferanse-modellen, og den går over tre stadium. Når ein sosialarbeidar ser for seg at ei barnevernssak går mot omsorgsovertaking, skal han eller ho melde i frå til eit «koordinator-kontor», som skal setje opp eit møte mellom sakshandsamar og familien. Poenget er å samle så mykje av familien som mogleg til dette møtet. Koordinatoren kan nekte enkelte medlemmar tilgang til møtet, til dømes der det er snakk om sær vanskelege saker om grov vald eller seksuelle overgrep. Det er familiemedlemmane som bestemmer kvar og når møtet skal vere, dette for å gjere møtestaden meir nøytral enn om den vert halden på eit offentleg kontor, som familien kan ha dårlege assosiasjonar til (ibid).

I den første fasen møtast familien og resten av ansvarsgruppa saman med ein koordinator som styrer møtet. Saman legg alle fram sine bekymringar og legg fram moglege ressursar. Her er det avgjerande at all informasjon (journalar, rapportar) er open, og utan fagsjargong. I andre fase av modellen møtast familien og koordinatoren åleine for å utforme sin eigen plan for omsorga til barnet, ut i frå dei bekymringane dei har høyrte frå ansvarsgruppa. Den tredje fasen går ut på å

inngå ei avtale som er forhandla fram mellom familien, koordinatoren og dei som opphavleg fremja saka. Avtala er basert på familien sin plan og kva ressursar ein treng for å realisere den planen (ibid). Denne måten å arbeide på kan vere bra også for å stadfeste kva ressursar som er i den øvrige familien, som barnevernstenesta kanskje ikkje kjenner til.

### **7.3 Konfliktnivå**

Enkelte gongar kan slektsfosterheimar vere eit lite heldig alternativ. Dette kan ha fleire årsaker. Det er, som det blei peika på i Stortingsmelding 40, ikkje alltid eigna plasseringsalternativ i barnet si slekt. Ei anna side som kan ha stor innverknad på barnet ved ei slektsplassering er dersom konfliktnivået i familien har vore høgt (Holtan 2002). I ei barnevernssak er mildaste inngreps prinsipp ei viktig norm. Det vil seie at ein alltid skal prøve alle moglege frivillige tiltak før ein set i verk til dømes ei tvangsplassering etter § 4-12. Difor er det ofte vanleg at ein under § 4-4 som omhandlar hjelpetiltak leitar etter ressursar i barnet sin familie som kan vere ein styrkande faktor i barnet sin oppvekst. Det kan vere alt i frå relativt små tiltak som leksehjelp, til meir krevjande tiltak som til dømes avlastningsheim.

Dersom ein allereie i denne prosessen brukar tid på å finne ressursar i barnets familie, og ein gjer ei grundig undersøking i denne fasen, kan ein fort finne ut om der er passende familiar i slekta ved ei eventuell plassering. Dersom konfliktnivået syner seg å vere høgt og langvarig, kan det fort gå ut over barnet, det kan kome i ei stor lojalitetskonflikt og hindre tilknytning å vidare utvikling (Bunkholdt 2004). Det er viktig å alltid tenkje på barnet sitt beste, og ikkje tvinge gjennom slektsplasseringar ukritisk fordi det kan ha mange gode sider ved seg. Det er kva det individuelle barnet treng, som har størst betydning for arbeidet (Holtan 2002).

### **8.0 Avslutning**

Eg har i denne oppgåva freista å drøfte kva fordelar ei slektsplassering kan ha i forhold til ei plassering i nøytrale fosterheimar. Eg har lagt vekt på tidlegare norsk forskning rundt dette temaet, samstundes som eg har drøfta problemstillinga opp mot dei ulike undertema: kontinuitet, identitet, tilknytning/tilhøyre og lojalitet. Eit tema som eg tykkjer er veldig viktig i sosialt arbeid er meiningane til Ryburn om sosialarbeidarar si maktrolle i barnevernssaker. Det er etter mi meining viktig å hugse på den makta ein faktisk har over andre menneske i slike saker.

I tillegg har eg freista å finne metodar som kan gjere slektsplassering best for barnet, med tanke på samarbeid og konfliktnivå. Modellen til Ryburn er òg eit eksempel på korleis ein kan få god oversikt over ressursar i barnet sin biologiske familie.

Ulik forskning tyder på at slektsfosterheimar kan gje ein større stabilitet for barnet, samstundes som det kan sikre at barnet sin kontinuitet ikkje blir broten. Som eg har nemnt fleire gonger, heng barnet si kjensle av kontinuitet, saman med utviklinga av identitet og tilknytning.

Barn sjølv tykkjer det er lettare å bu hjå slektningar, både med tanke på den kjennskapen dei allereie har til slektningane sine, og fordi dei tykte det var lettare å fortelje til andre at dei bur hjå enn nøytrale fosterheimar.

I den politiske diskusjonen har det vore usemje om kva som vil vere det beste for barnet. Medan Befringutvalet råder til ei lovendring som sikrar at det blir leita etter ressursar i slekt, meiner Barne- og familiedepartementet at dei individuelle skilnadane i dei ulike sakene er for store til at ei lovendring er føremålstenleg. I tillegg legg dei vekt på moment som sosial arv og konfliktnivå i familien som argument mot slektsplasseringar.

Ved å diskutere ulike meiningar og tatt opp enkelte faktorar som ofte er viktige rundt fosterheimsplassering, har eg freista å gjere meg opp ei meining rundt temaet. Eg tykkjer diskusjonen rundt dei ulike plasseringsalternativa er interessant, og eg er samd i dei fleste argumenta som blir tatt i bruk, både dei som støtter og er skeptiske til slektsplassering. Likevel tykkjer eg at det er rart at berre 15 % av barn som er plassert i fosterheimar var plasserte i fosterheim i eiga slekt, særleg når det ser ut til å vere så brei semje om at slektsfosterheimar i mange tilfelle kan vere eit betre alternativ enn plassering i nøytrale fosterheimar.

Det som etter mi meining er viktig å hugse på, er at det aldri finst sikre svar når ein jobbar med menneske. Individualiteten mellom menneske er ofte så stor at ein ikkje kan ha ein klar konklusjon til ei slik problemstilling. Ein kan heller ikkje vere sikker på at ein har valt det beste alternativet i den enkelte barnevernssaka, fordi ein ikkje veit kva utfallet vil bli. Det er kanskje nettopp dette som gjer sosialt arbeid og arbeid med menneske så spennande?

Når det er sagt har eg ikkje skifta mitt syn på at slektsplasseringar i mange tilfelle er eit betre alternativ enn plassering i nøytral fosterheim. Samstundes er eg samd med Holtan, Bunkholdt og Ryburn som hevdar at det er for lite forskning rundt dette temaet, og at det vil vere



hensiktsmessig å ut få meir informasjon om dette. Kanskje kunne ein òg lagt inn meir om slektsfosterheimar i undervisninga til sosialarbeidarutdanningane?

Til slutt trur eg at uansett kva tiltak ein vel for det spesielle barnet, vil noko av det viktigaste vere å ha ein open kommunikasjon med alle involverte partar, og ikkje minst barnet, som faktisk skal vere hovudpersonen i ei barnevernssak. Difor er det nærmaste eg kjem ein konklusjon, eigentleg ikkje eit svar på problemstillinga, men berre ei understreking av kor mykje kommunikasjon har å seie i sosialt arbeid.

## Litteraturliste:

Aadland, Einar (1998): *Etikk for helse- og sosialarbeidarar*. Oslo. Det Norske Samlaget

Bjerke, Tore og Svebak, Sven (1997): *Psykologi for høgskolen*. Oslo. Ad Notam Gyldendal

Bunkholdt, Vigdis (1999): *Fosterhjemsarbeid, fra rekruttering til tilbakeføring*. Oslo, Universitetsforlaget.

Bunkholdt, Vigdis (2000): *Utviklingspsykologi*. Oslo. Universitetsforlaget 2.utg.

Bunkholdt, Vigdis og Sandbæk, Mona (1998), *Praktisk barnevernsarbeid*. 4. utgåve. Oslo. Gyldendal Norsk Forlag.

Holtan, Amy (2002): *Barndom i fosterhjem i egen slekt*. Avhandling for graden Doctor Rerum Politicarum. Institutt for sosiologi, Det samfunnsvitenskapelige fakultet, Universitetet i Tromsø

Koch, Arild og Koch, Katrin (1995): *Barn av barnevernet*. Oslo. Ad Notam Gyldendal

Levin, Irene (2004), "Hva er sosialt arbeid?". Oslo. Universitetsforlaget AS.

Moldestad, Bente (1996), "Egne barn – andres unger?" . Hovedoppgave. Program for sosialt arbeid. Norges Teknisk-Naturvitenskapelige-Universitet.

Norsk Fosterhjemsforening (2004): *Slektsfosterhjem*. Temahefte nr. 17. Norsk fosterhjemsforenings sekretariat.

Sandbæk, Mona og Tveiten, Gunnar (red.) (1995): *Sammen med familien, Arbeid i partnerskap med barn og familier*. Artikkel av Murray Ryburn: *Myndiggjøring og fagfolks rolle ved plassering av barn*. Oslo. Kommuneforlaget.

Lover, Stortingsmeldingar og NOU-rapportar:

Lov om Barnevernstenester (Barnevernslova), LOV-1992-07-17-100

NOU 2000:12 (2000): *Barnevernet i Norge, tilstandsvurderinger, nye perspektiver og forslag til reformer,*

[http://odin.dep.no/bld/norsk/dok/andre\\_dok/nou/000001-020006/dok-bn.html](http://odin.dep.no/bld/norsk/dok/andre_dok/nou/000001-020006/dok-bn.html)

15.02.06 klokka 13.03

St.meld. nr. 40 (2002): *Om barne- og familiedepartementet,* Gan Grafisk AS

<http://odin.dep.no/repub/01-02/stmeld/40/index.html>

15.02.06, klokka 13.03

Andre kjelder:

<http://www.odin.dep.no/bld/norsk/tema/barnevern/barnevernetsrolle/bn.html>

18.01.06, klokka 19.15

<http://www.ifsw.org/en/p38000410.html>

05.01.06, klokka 18.30

<http://www.fosterhjem.no/?module=Articles;action=ArticleFolder.publicOpenFolder;ID=530>

21.01.06, klokka 12.13

<http://www.fosterhjem.no/?module=Articles;action=ArticleFolder.publicOpenFolder;ID=566>

21.01.06, klokka 12.13